

## Notat

**Frå:** Paal Fosdal

**Til:** Einar Ulla, SEK

**Kopi til:** Svein Hågård, FRM

### Forvaltningsrevisjon - Arkiv og offentlegheit - Rutinar for lukking av møte.

Eg viser til kontrollutvalet sitt vedtak i sak 1/18, Oppfølging – Forvaltningsrevisjon arkiv og offentlegheit.

Pkt. 2 i utvalet sitt vedtak lyder slik:

*«Utvalet ber om at prosedyre for lukking av politiske møte vert utfyllande og tydelege i tråd med vedtak punkt 2b, ix, i form av skriftleg tilbakemelding innan 13.05.2018».*

Nedanfor er fylkesrådmannen sitt framlegg til «Reglar og prosedyrar for lukking av møte i folkevalde organ».

Fylkesrådmannen føreslår at reglar og rutinar vert lagt som uformelt vedlegg til reglementet for fylkestinget og reglementet for sakshandsaming i politiske utval.

Fylkesrådmannen vil orientere fylkesutvalet om prosedyrane gjennom eit notat til neste møte.

- - - XXX - - -

## Reglar og prosedyrar for lukking av møte i folkevalde organ

### I. Rettsreglar:

1. Hovudregelen er at alle har rett til å vere til stades i møte i folkevalde organ, jf. kommunelova § 31, nr. 1.
2. Eit folkevald organ skal vedta å lukke møtet når det føreligg lovbestemd teieplikt ved handsaminga av ei sak, jf. kommunelova § 31, nr. 2. Retten og plikta til å lukke møtet omfattar berre den delen av debatten/orienteringa som omhandlar opplysningar underlagde teieplikt.
3. Eit folkevald organ skal vedta å lukke møtet når det skal handsame ei sak som vedkjem ein arbeidstakar sine tenestlege forhold, jf. kommunelova § 31, nr. 3.

4. Eit folkevald organ kan vedta å lukke møtet når omsynet til personvern tilseier det, jf. kommunelova § 31, nr. 4.
5. Eit folkevald organ kan vedta å lukke møtet når omsynet til tungtvegande offentlege interesser tilseier det og det vil kome fram opplysningar i møtet som kunne ha vore unnatekne offentlig innsyn etter offentleglova dersom dei hadde stått i eit dokument, jf. kommunelova § 31, nr. 5.

## II. Rutinar:

1. Eit krav eller ein førespurnad om lukking av møtet kan fremjast av ein av dei møtande medlemene i organet, fylkesrådmannen eller den som møter på hans vegner.
2. Organet vurderer om møtet skal eller bør lukkast. Debatten om lukking av møtet skal haldast i lukka møte dersom møteleiaren eller fleirtalet i organet krev det. Avrøystinga skal skje i ope møte.
3. Dersom organet vedtek å lukke møtet, skal avgjerda og heimelen for avgjerda protokollerast i møteboka. Dersom organet etter debatt og avrøysting som nemnd over i pkt. 2, vedtek at møtet *ikkje* skal lukkast, skal dette protokollerast i møteboka.
4. At møtet vert lukka, inneber at utanom dei møtande folkevalde, er det berre fylkesordføraren eller vedkomande sin representant, fylkesrådmannen eller vedkomande sin representant, kontrollutvalet, kontrollutvalssekretariatet og revisor som har rett til å vere til stades. Andre kan få løyve av organet til å vere til stades dersom det er føremålstenleg av omsyn til oppfølginga av saka.
5. Ei avgjerd om å lukke møtet skal protokollerast om lag slik i møteboka:  
*«X-utvalet vedtok (eventuelt med tal røyster) å lukke dørene under handsaminga av sak nr. xx/xx, jf. kommunelova § 31, nr. x, (jf. offentleglova § xx).»*